

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 16.02.2015  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Tove Hagland  
**SAKA GJELD:** **Resultatnotat**

**ARKIVSAK:** 2015/1420/  
**STYRESAK:** **020/15**

### STYREMØTE:

#### Administrerende direktør si orientering pkt. 4

---

#### Bakgrunn


Styret i Helse Vest RHF får årleg eit resultatnotat som ei oppsummering av oppnådde resultat for året som er gått. Resultatnotatet er basert på Årleg melding og andre oppsummeringar. I notatet er det lagt vekt på å løfte fram dei gode resultatene i ei kortare oversikt, som førelegg for vidare formidling og kommunikasjon av det arbeidet ein lukkast med og dei utfordringane som gjeld for sjukehusa på Vestlandet.

#### 2014: Auka aktivitet og kvalitet

2014 var eit år med gode resultat i Helse Vest både når det gjeld kvalitet og økonomi, to viktige føresetnader for trygge og gode helsetenester på Vestlandet framover. Satsing på god dialog mellom pasient og sjukehus, betre organisering, pasienttryggleik og felles systembygging prega året.

#### Aktiviteten går opp, ventetidene ned


I 2013 kunne ein slå fast at spesialisthelsetenesta på Vestlandet for første gong passerte ein million polikliniske konsultasjonar innan somatikken. I 2014 auka dette ytterlegare. Totalt blei det gjennomført om lag 1 352 740 polikliniske konsultasjonar, dagbehandlingar og døgnopphald innan somatikken. Den prosentvise veksten har vore størst innan poliklinisk behandling (4,8 prosent).



## Kvaliteten opp, fristbrot og ventetider ned

Å kvitte fristbrot og redusere ventetidene er viktige mål for å sikre kvaliteten på tilbudet til pasientane. Helse Vest RHF har gjennom heile 2014 lagt vekt på å få ned talet på fristbrot og redusere ventetidene for behandling i spesialisthelsetenesta.

Skal pasientane få behandling til rett tid må det ikkje være fristbrot. I desember 2014 var talet på fristbrot nede i to prosent for behandla pasientar totalt i Helse Vest. I løpet av året har fleire sjukehus og avdelingar tatt i bruk betre analyseverktøy for å kunne kvitte fristbrot heilt. Framleis står nokre områder att, men samla er det færre fristbrot ved utgangen av året enn ved starten av året. Utviklinga gjer at vi i 2014 er nærmare målet om at alle føretaka berre unntaksvis har fristbrot.




Den gjennomsnittlege ventetida for alle som fekk starta behandling i desember 2014, var 63 dagar (mot 66 dagar for same perioden i 2013 og 71 dagar 2012). Det står framleis litt att før dette gjeld kvar måned året gjennom, men auka merksemd og betre planlegging er forventa å gi gode resultat framover. Fleire pasientar får allereie time samtidig som ho eller han blir tilvist til sjukehuset. Dette gjeld stadig fleire, og gir resultat både for den faktiske ventetida og pasienten si oppleving av ventetida.

Styret i Helse Vest RHF vedtok på nyåret 2015 differensierte ventetider, som gir tøffare mål å arbeide etter. Innanfor barne- og ungdomspsykiatri og rusbehandling skal den gjennomsnittlege ventetida ikkje vere over 40 dagar, for vaksen psykiatri ikkje over 45 dagar. For somatikk gjeld 65 dagar, som tidlegare.


*Ventetider for dei som blei tekne til behandling i desember 2014 (desember 2013 i parentes):*

Alle fagområde: 63 dagar (66 dagar)  
 Somatikk: 64 dagar (67 dagar)  
 BUP: 47 dagar (53 dagar)  
 PHV: 45 dagar (41 dagar)  
 TSB: 37 dagar (50 dagar)

Til tross for ei stadig auke i aktivitet har ein år for år, ved årsskiftet, sett at talet på ventande ligg på over 47 000. Ved årsskiftet 2014/ 2015 kunne ein konstatere at dette talet var lågare. Tiltaka nemnd over kan alle ha hatt innverknad på dette.



Talet på langtidsventende (1 år+) ligg på eit historisk lågt nivå ved utgangen av 2014, med 210 ventande. Bättre planlegging, ekstra innsats og kjøp av tenester hos private leverandørar er nokre av tiltaka som har gjort dette.




## Ingen skal liggje på gangen

Sjukehusa på Vestlandet har framleis noko bruk av korridor plasser, trass i eit klart styringsbodskap og mål om at det ikkje skal vere korridor pasientar. I 2014 vart prosjektet


«Tiltak for å avvikle korridorpassar» sett i gong. Målet med prosjektet var å avvikle bruken av korridorpassar per 1. januar 2015. Per desember 2014 var ikkje dette målet nådd for alle.

Det er nulltoleranse for korridorpatientar i sjukehusa. For å oppnå målet krev det eit kontinuerleg fokus på problemet og vilje til omstilling. Helseføretaka har allereie sett i verk mange tiltak for å gi betre pasientforløp og redusere unødvendig ventetid og liggetid, og dermed presset som fører til bruk av korridorpassar.



### Solid økonomi, den viktige føresetnaden for utvikling


Førebels økonomisk resultat for 2014 ligg an til å bli om lag kr 750 millionar kroner i pluss, dette er 440 millionar kroner betre enn budsjett. Resultatet er berekna ut frå opphavleg nivå på pensjon- og basisramme frå staten\*. Dette er det 6. året på rad at føretaksgruppa Helse Vest leverer positive resultat, som går til investeringar som kjem pasientar og medarbeidarar til gode. Resultatet har heile tida vist ein positiv trend som gir føretaksgruppa eit godt grunnlag for å gjennomføre naudsynte investeringar i, til dømes, utstyr og bygg.



*\* Etter justering for ny pensjon og basisramme frå staten blir førebels rekneskapsresultat på 2 698 milliardar kroner i pluss.*

Det positive økonomiske resultatet gir Helse Vest moglegheit til å utvikle verksemda og investere i bygg, medisinsk-teknisk utstyr, IKT og ambulanseskjoretøy m.m. For pasientane betyr eit positivt økonomisk resultat at sjukehusa har handlingsrom til å investere i tiltak som gir betre behandling.

Helse Vest står ovanfor store investeringsbehov i åra som kjem og langtidsbudsjettet for 2015-2019 slår fast at det er nødvendig framover å ha eit positivt resultat på opp mot 550 millionar kroner årleg. Helse Vest investerte for omlag 1,9 milliardar kroner i 2014, og i budsjettet for 2015 er det venta investeringar på nærmare 1,8 milliardar kroner. Det største investeringsprosjektet for tida, er bygging av nytt Barne- og ungdomssenter i Bergen, BUSP fase I, til 1,5 milliardar kroner. I 2015 skal også Helse Bergen i gang med BUSP fase II, som har ei kostnadsramme på 3 milliardar kroner. Helse Stavanger er no inne i konseptfasen for sjukehusutbygging og planen er at dette arbeidet skal ferdigstillast hausten 2015. Føretaket planlegg med ein endeleg godkjenning av prosjektet i første delen av 2016.



## Satsing på pasienttryggleik gir resultat

Å betre pasienttryggleiken i sjukehusa er eit av dei viktigaste satsingsområda i føretaksgruppa. Arbeidet er organisert i Program for pasienttryggleik og byggjer på den nasjonale pasienttryggleikskampanjen. Programmet skal, gjennom utvalde innsatsområde, leggje til rette for betre pasientbehandling, færre skader og ivaretaking av pasienttryggleiken.

I 2014 starta eit prosjekt med utgangspunkt i saker hos Norsk Pasientskadeerstatning. I første omgang er det starta eit prosjekt for å tryggje fødselsomsorga. Andre prosjekt er under planlegging.

Ei forskingsstudie frå Helse Bergen og Helse Førde, som blei publisert i 2014, viser at bruk av sjekklister for trygg kirurgi under operasjon ga 42 prosent færre komplikasjonar og nær eitt døgn kortare liggetid. I Helse Fonna og Helse Førde kan dei vise til gode resultat etter at dei starta med å risikovurdere pasientar for trykksår, fall og ernæring. Begge kunne i 2014 vise til respektivt 100 dagar utan trykksår og hundre dagar utan urinvegsinfeksjonar. Positive resultat ser ein også når det gjeld å risikovurdere pasientar for å førebyggje sjølv mord i Helse Stavanger.

Program for pasienttryggleik arbeider med å gjere kvalitetsindikatorar tilgjengelege som styringsinformasjon, noko som er ein viktig føresetnad for forbetring. I 2014 var dette arbeidet særleg knytt til trygg kirurgi, hjerneslag og trygg pleie (trykksår, fall og ernæring). Frå februar 2015 skal sjukehusa rapportere på fleire av desse indikatorane på lik linje som dei gjer på økonomi og anna styringsinformasjon.

Fagmiljøa i Helse Vest gjer også eit stort arbeid med å etablere og drifte medisinske kvalitetsregister. 14 nasjonale medisinske kvalitetsregister er forankra i regionen. Kvalitetsregistra er viktige verktøy i arbeidet med å forbetre tenestene, og dei er mykje brukt for å vinne ny kunnskap gjennom systematisk forskning.

Det blei delt ut 3,6 millionar kroner til 24 såkornprosjekt for småskala forbetningsprosjekt i føretaka og dei private ideelle sjukehusa og institusjonane i 2014. I tillegg blei det delt ut 1 million kroner i forskingsmidlar knytt til forskning på kvalitetsutvikling og pasienttryggleik.

Pasienttryggleikskonferansen til Helse Vest blei arrangert i mars 2014 i Haugesund. Nevrosenteret ved Martin Kurz frå Helse Stavanger fekk då Helse Vest sin pasienttryggleikspris for sitt arbeid med å skape eit saumlaust pasientforløp for pasientar med hjerneslag.

## Støtter brukarorganisasjonane

Helse Vest fordeler midlar til pasient- og brukarorganisasjonane for å støtte det viktige informasjons- og hjelpearbeidet desse gjer ovanfor medlemmene. Dette er tiltak som den offentlege helsetenesta ikkje driv, men som er viktige for kronikarar og andre for at dei skal meistre situasjonen sin best mogleg. 111 pasient- og brukarorganisasjonar fekk i 2014 nær 9,3 millionar kroner til fordeling frå Helse Vest.

## Pasienthjelparen og fritt sjukehusval

Pasienthjelparen i Helse Vest og Fritt sjukehusval-telefonen tilbyr informasjon, rådgiving og hjelp i samband med val av behandlingsstad. I 2014 var det 3 178 pasientar eller pårørande i Helse Vest-regionen som tok kontakt med pasienthjelparen eller Fritt sjukehusval-telefonen. For 2013 var talet 3251.

Samanliknar ein aktiviteten i desember 2013 og desember 2014, så er det ein nedgang på heile 25 prosent. Dette kan bety at tiltak som påminning og elektronisk dialog via vestlandspasienten.no og betre planlegging i sjukehusa har begynt å visa igjen.

Helse Vest samarbeider med Helsedirektoratet og andre helseregioner om informasjonstiltak om fritt sjukehusval, retta mot befolkninga.

70 prosent av dei som ringjer har spørsmål om ventetid, viser nasjonale tal. I 77 prosent av tilfella er det pasienten sjølv som tek kontakt, berre i 6 prosent av tilfella er det ein fastlege.

## Stor auke i aktiviteten og kapasiteten for ruspasientar

Tverrfagleg spesialisert rusbehandling har vore eit satsingsområde også i 2014. Alle tenester innanfor rusbehandling hos private leverandørar har hatt ein auke. I tillegg har Helse Bergen oppretta eit Familieambulatorium (ein undersøkings- og behandlingsstad for pasientar som ikkje er innlagde) og auka kapasiteten både i poliklinikk og i døgnbehandling for gravide. Helse Fonna har auka kapasiteten på avrusing/akuttplassar og Helse Stavanger har auka døgnkapasiteten ved Veksthuset Rogaland. Aktiviteten har også auka, ventetida har blitt kortare (37 dagar i desember 2014) og færre pasientar venter på behandling no enn før (305 i desember 2014).

I løpet av året har også ein regional plan for rusfeltet blitt ferdig utarbeida, med følgjande strategiar for utvikling av tenestetilbodet: brukarmedverknad i tenesta, samarbeid med kommunane og etablering av heilskaplege, differensierte og fleksible teneste. Det blir også vektlagt at ny teknologi, internett og sosiale media skal nyttast i rusbehandling der det er naudsynt.

Helse Vest kjøpte om lag 40 fleire behandlingsplassar for rusavhengige frå private ideelle behandlingstinstitusjonar i 2014 og styrka tilbodet elles med om lag 25 prosent.

## Psykisk helsevern i riktig retning

Innanfor psykisk helsevern går aktiviteten opp og ventetida ned. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan barne- og ungdomspsykiatri og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2013.

### ❖ Vaksne

Innan psykisk helsevern for vaksne haldt ein i 2014 fram arbeidet med ei overføring av ressursar frå sjukehusa til dei distriktpspsykiatriske sentra. Alle DPS-a i regionen har brukarstyrte senger og ambulant verksemd. Per desember 2014 blei det gjennomført om lag 203 500 polikliniske konsultasjonar, noko som gir ein aktivitetsvekst på 4,8 prosent frå 2013.



For pasientar som starta behandlinga i desember 2014 var den samla gjennomsnittlege ventetida 45 dagar. Dette er lågare enn i 2013 og godt under målet på 65 dagar.

### ❖ Barn og unge

Innan psykisk helsevern for barn og unge har det òg vore ei positiv utvikling. I 2014 vart det registrert om lag 135 500 polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for barn og unge. Dette er om lag 11 700 fleire enn til same tid i 2013, noko som gir ein vekst 9,4 prosent. Ser ein på utviklinga på helseføretaksnivå finn ein at alle dei fire helseføretaka har vekst i talet polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for barn og unge samanlikna med tilsvarande periode i 2013. Ventetida for dei som blei behandla i desember 2014 var på 47 dagar, seks dagar kortare enn på same tid i 2013.

### Habilitering og rehabilitering

På rehabiliteringsfeltet blei det i 2014 gjennomført ei ny anskaffing med kjøp frå private behandlingstilbod. I anskaffinga er det, mellom anna, lagt opp til sterkare krav til fagkompetanse og kvalitet, ei styrking av tilbodet til pasientar med større behov for hjelp og god geografisk spreining av tilboda. Omfanget aukar med åtte prosent for døgntilbod og er meir enn dobla når det gjeld talet på dagplassar.

I tillegg er det starta opp arbeid med å revidere den regionale planen for habilitering og rehabilitering. I arbeidet deltar helseføretaka, kommunar, private sjukehus, private rehabiliteringsinstitusjonar og brukarar. Arbeidet skal vere ferdig i 2015.

### Kirurgi

Helse Vest gjennomførte også nye konkurransar for kirurgi siste halvdel av 2013. Det blei inngått fire avtalar med private spesialistar, to på området urologi og to på områda øyre, nase og hals. I tillegg blei det inngått avtale med sju private sjukehus om leveranse av kirurgiske tenester innføre fagområda; auge, karkirurgi, ortopedi, plastikk kirurgi og urologi.

Nytt i avtalen er at det er lagt inn opsjon på kjøp av ekstra volum. Opsjonen vil bli utlaust om behovet for auka operasjonskapasitet eller føringar frå Helse- og omsorgsdepartementet blir endra i løpet av avtaleperioden. Dermed kan avtalane i større grad aktivt bli nytta for å redusere ventetider og fristbrot i føretaka.

### Pakkeforløp for kreft

Rask utgreiing og oppstart av behandling og reduksjon av unødvendig ventetid er målet når pakkeforløp for kreftbehandling er satt i gong. Arbeidet med å førebu dette starta med eit regionalt prosjekt i 2014. Dei fire første pakkeforløpa blei innførde 1. januar 2015, og gjeld for brystkreft, prostatakreft, lungekreft og tjukk- og endetarmskreft. Pakkeforløp inneber at dei ulike fasane i eit utgreiing- og behandlingsforløp vil skje innanfor ei fastsett og kjent tidslinje for pasienten.

## **Forskning: Høg kvalitet og ny kunnskap**

Helse Vest støtter årleg om lag 300 forskingsprosjekt i helseføretaka i regionen, og det blir mellom anna lagt vekt på å styrke forskning gjennom samarbeidet med universiteta og styrke forskning innan psykisk helsevern og rusbehandling.

Det regionale samarbeidsorganet har også på bakgrunn av innspel i 2014 vedteke å lyse ut midlar til strategiske satsingar på følgjande områder:

- Framtidsmedisin – stamcelleforskning, regenerativ medisin, partikkelterapi
- Habilitering og rehabilitering – solid forskingsdokumentasjon for betre helseteneste
- Helsetenesteforskning, inkludert pasientrapporterte data (PROM)
- Kirurgiske intervensjonar – forskning gjennom heile pasientforløpet
- Livsløp med god helse, med fokus på barn og unge
- Persontilpassa medisin – biomarkører og kliniske studiar

Helse Vest RHF har samarbeida med dei andre RHF-a om fordeling av 100 millionar kroner til fleirregionale kliniske forskingsprosjekt og lyste i 2014 ut midlar til fleire store nasjonale samarbeidsprosjekt. Elleve prosjekt får til saman vil få 200 millionar kroner fordelt over fem år. Sjukehus i Helse Vest deltek i heile ti av prosjekta som har fått midlar.

Forskningsprisen i Helse Vest for 2014 gjekk til professor og overlege Øystein Bruserud frå Helse Bergen for forskning innanfor akutt leukemi.

## **Lokalsjukehus for framtida i Nordfjord**

Modell for Nordfjord sjukehus, «Framtidas lokalsjukehus», blei vedtatt av styret i Helse Vest i februar 2014. Helse Førde har arbeidd med å realisere modellen i 2014. Dette er ein modell for desentraliserte spesialisthelsetenester på lokalsjukehusnivå, og skal ivareta innbyggjarane sine behov for trygge og nære tenester. Skadepoliklinikk med beredskaps- og stabiliseringsfunksjon, eit breitt dagbehandlingstilbod, utvida og nye polikliniske tenester, psykisk helsevern og rusbehandling, ei «God start-eining» for svangerskaps- og barseltilbod, støttetjenester, samarbeid med kommunane og lokal leing er døme på tiltak som skal sikre gode sjukehustjenester lokalt framover.

## **Satsing på IKT gir resultat**

### ❖ Ein Vestlending – ein sjukehusjournal

I 2014 har Helse Vest IKT saman med helseføretaka arbeida målretta med å få på plass ein felles pasientjournaldatabase for at informasjonen i pasientjournalssystemet på ein enklare måte kan delast mellom føretaka i Helse Vest. Dette arbeidet vil vera ferdig våren 2015. Gjennom dette grepet vil det vera langt lettare for at pasientinformasjonen kan følgja pasienten gjennom behandling på ulike sjukehus. På sikt skal informasjonen òg kunne delast med primærhelsetenesta.

### ❖ Først ute med eResept

Haukeland universitetssjukehus var første norske sjukehus som hausten 2012 tok i bruk «eResept» på ei avdeling. Voss sjukehus var pilot for prosjektet i 2013, før det vart innført i

resten av regionen. I løpet av fyrste halvår 2014 var «eResept» i bruk ved alle sjukehusa på Vestlandet.

❖ Vestlandspasienten.no, digital dialog med pasientar og pårørande  
Vestlandspasienten.no vart lansert i januar 2014. Pasientar får no opp timane dei skal ha på sjukehus i Helse Vest (gjeld også dei private ideelle sjukehusa) og dei får opp status på tilvisinga si (gjeld ikkje på røntgen og radiologi-timar utanom i Helse Førde). Dei kan bekrefte at dei kjem til timen, og dei kan sende melding til sjukehuset om dei har spørsmål om timen, ønskjer å endre time eller vil avslutte behandlinga. Meldingane blir lagra i Personleg helsearkiv om ein har samtykka til det.

### **Auka innovasjon i helsetenesta**

I Helse Vest har det vore ein betydeleg innovasjonsaktivitet i 2014, både lokalt i føretaka og regionalt, samt aktiv deltaking i nasjonale initiativ. Det er brei semje om at auka innovasjon i helsetenesta er avgjerande for å imøtekomme krava om auka kvalitet og produktivitet. Det er to aktive innovasjonsnettverk i regionen, eit strategisk og eit operasjonelt, der alle verksemdene tek del.

Innovasjonsnettverka har blant anna hatt som mål å bygge ein innovasjonskultur og auke kompetansen innan området, auke samarbeidet rundt innovasjon og opprette innovasjonsprosessar der dette manglar i eige føretak.

Alle innovasjonsprosjekta er samla i ein eigen rapport om innovasjon i Helse Vest. Nokre av prosjekta er nemnt her:

#### ❖ Alle møter

Alle Møter starta med avansert oppgåveplanlegging og har vore innovative på fleire område som handlar om å involvere pasienten i ein ny digital kvardag, både som kommunikasjonsform og med eiga deltaking gjennom vestlandspasienten.no.

#### ❖ eMeistring

eMeistring demonstrerer eit låg-terskel nettilbod innan eit viktig og høgt prioritert område, psykisk helse. Poliklinikkane i Helse Bergen tilbyr veileda internettbehandling til dei som slit med panikkkliding eller sosial angst. I ni til 14 veker får pasientane oppfølging frå ein behandlar via internett som rettleiar dei i behandlinga. Resultata frå dette prosjektet vann Helse Vest sin innovasjonspris for 2014.

#### ❖ KULE - anskaffing av løysing for Kurve og legemiddel

Elektronisk kurveløysing og systemstøtte for legemiddelhandsaming vil revolusjonere kvardagen for mange medarbeidarar i sjukehusa i åra framover.

#### ❖ DMA - anskaffing av eit Digitalt MediaArkiv

Eit felles digitalt media-arkiv, DMA, skal samle alle bilete på ein stad, inkludert røntgensystema.

## **Leiande på ehandel i Noreg**

Stadig fleire innkjøp i Helse Vest blir gjort elektronisk. Det blei sendt over 61 000 elektroniske bestillingar til leverandørar via den offentlege marknadsplassen i 2014. Det er 8 000 fleire enn i 2013. I same periode tok føretaka imot over 94 000 elektroniske fakturaer, eit tal som stig kraftig månad for månad. Over 50 prosent av alle faktura til Helse Vest er no elektroniske. I sum inneber dette vesentlege reduksjonar i transaksjonskostnader, auka kontroll og mindre belastning på miljøet. Satsinga på elektronisk handel gjer Helse Vest til ei av dei leiande offentlege verksemdene på området i Noreg.

## **Ny organisering av innkjøpsarbeidet**

I heile 2014 har det pågått eit prosjekt for å vurdere korleis innkjøpsfunksjonen i Helse Vest kan organiserast for å være best mogleg budd på framtida. Prosjektet rår til at det i 2015 blir etablert eit eige helseføretak for innkjøp i regionen, kalla Helse Vest Innkjøp HF.

## **Grønt sjukehus-prosjektet forlenga med to år**

Ved overgangen til 2015 er alle helseføretaka i Helse Vest, bortsett frå Helse Fonna, miljøsertifisert. Helse Fonna har planlagt å sertifiserast i første halvdel av 2015. Med det går Grønt sjukehus-prosjektet inn i ein ny fase, kor ikkje sertifiseringa er det store målet lenger. Men det er no den verkeleg store jobben startar.

Sertifisering etter ISO-standarder viser at føretaket har innført miljøleing og implementert eit miljøstyringssystem, men sertifiseringa er ikkje i seg sjølv det endelige målet. Det er eit verkemiddel til å nå målet om ein meir miljøvennleg drift. Føretaka kartlegg no aktivitetane sine, produkta sine og dei tenestene dei tilbyr for å finne ut korleis det påverkar miljøet, og dei set inn tiltak for å redusere miljøpåverknaden. Dette er eit kontinuerleg arbeid som vil fortsette heilt til vi kan sjå konkrete resultat av den jobben som er gjort. På bakgrunn av dette er prosjektet forlenga med to nye år, fram til utgangen av 2016.

## **Pasientane er tilfreds med det samla sjukehusstilbodet**

Den årlege omdømmemålinga for Helse Vest viste at innbyggjarane også i 2014 har godt inntrykk av sjukehusa på Vestlandet og tillit til at dei vil få hjelp når dei treng det.

Innbyggjarane har særleg godt inntrykk av sjukehusa på Vestlandet når det gjeld pasientbehandlinga sjukehusa yter, den etiske standarden og at sjukehusa er gode arbeidsplassar. Sjukehusa får noko dårlegare score på inntrykket av leing, organisering og i kva grad dei forvaltar offentlege midlar på ein god måte.

Dei største føretaka skårar gjennomgåande noko betre enn dei mindre. Resultata for omdømmemålinga for 2014 viser at resultatene er stabile og om lag på same nivå som i 2013.

## Dyktige medarbeidarar står for gode resultat

### - **Fleire jobbar heiltid**

Helseføretaka i Helse Vest arbeider for at fleire skal jobbe heiltid. Frå desember 2010 til desember 2014 har 2 993 fleire medarbeidarar i Helse Vest fått heil stilling og talet aukar for kvar månad. I same periode har 1 864 fått høgare stillingsprosent enn før. I løpet av tre år har 4 857 medarbeidarar endra sin stillingsprosent i Helse Vest, samanlikna med desember 2010. Føretaksgruppa hadde ei målsetting om å nå ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 89,3 prosent eller høgare. Helse Vest nådde denne målsettinga i april 2013. I desember 2014 var den gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,69 prosent.

### - **Kunnskapsinnsatsen**

Føretaksgruppa Helse Vest er ein gigantisk utdannings- og læringsarena. Vi har nytta 2011 til å etablere innsikt i heile verdikjeda som kunnskapsinnsatsen utgjer. Kunnskapsinnsatsen omfattar eit krinsløp av innsatsfaktorar frå forskning til enkle kurs og utvikling, alle former for læring og kompetanseløp.

Ved utgangen av 2014 er innsatsen estimert til å ha auka til om lag 1,4 milliardar kroner.

### - **Rekordlågt sjukefråvær**

Gjennomsnittleg sjukemeldt fråvær for heile 2014 var 5,53 prosent. Gjennomsnittleg samlet sjukefråvær var 6,69 prosent. Per desember 2014 var sjukemeldt sjukefråvær 5,4 prosent og samla sjukefråvær var 6,6 prosent.

Per desember 2014 har 63,36 prosent av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 prosent, og 64,54 prosent av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 prosent. Tal sjukefråværsdagsverk er redusert med 3 prosent samanlikna med 2012, og 1,7 prosent samanlikna med 2013. Samanlikna med tal sjukefråværsdagsverk i 2013 representerer nedgangen om lag 14 millionar kroner, i tillegg til den verdien dette utgjer for dei einkilde einingane og for den enkelte medarbeidar. Sjukefråværet i føretaksgruppa Helse Vest er klart lågare samanlikna med Spekter Helse og SSB' tal for Helse- og sosialområdet

### - **Alle møter**

Vestlandspasienten.no blei lansert for første føretak januar 2014 og er deretter blitt eit tilbod for befolkninga på Vestlandet. Målet er at pasientar skal ha tilgang til digital kommunikasjon med helseføretaka. Dei skal kunne bekrefte tildelte timar, sende digitale meldingar til helseføretaka og få svar innan to arbeidsdagar, dei skal få opplyst kven dei skal møte på poliklinikkane og mykje meir. Ved utgangen av 2014 var det om lag 68 000 unike sidevisningar på Vestlandspasienten.no, nær 50 000 pasienttimar var bekrefte. Sjølv om dette er eit lite tal mål i forhold til tal pasientkontaktar på våre poliklinikkar er det først i 2015 innhaldet for pasientar og pårørande skal gje alle partar verdi.

Det er har vært ein formidabel innsats i heile føretaksgruppa for å få dette til. Det er om lag 1000 legar og behandlarar som er involvert.

Det blei gjennomført om lag 77 000 fleire pasientkontaktar i 2014 samanlikna med 2013, ein auke på om lag 5 prosent. Samtidig ser vi for første gang på fleire år ein nedgang i tal ventande ved årets slutt, ein nedgang på 5,1 prosent samanlikna med utgangen av 2013. Talet

på konsultasjonar det ikkje blir møtt til er også gått ned for første gang om ein ser til perioden 2011 – 2014. Nivået for 2014 er på om lag same nivå som ved utgangen av 2011, samtidig som tal pasientkontaktar i same perioden har auka med 16 prosent. Desse tala er døme på at det nyttar å forbetra dei interne arbeidsprosessane samstundes som dialogen og kommunikasjonen med befolkninga på Vestlandet har gitt resultat.